



MELAND KOMMUNE

PROTOKOLL FOR ULIKE ARBEIDSTIDSORDNINGAR I ÅRSPLAN MELAND SJUKEHEIM

Protokollen er heimla i Arbeidsmiljølova kap. 10 og Hovudtariffavtalen og gjeld fra 01.01.18 tom 31.12.19.

Partane skal i september årleg gjennomgå protokollen og forhandle om eventuelle endringar. Avtalen skal medverke til at arbeidstidsplanlegging skjer innanfor rammene av lov og avtaleverk, samstundes som den gjev fleksibilitet og optimale løysingar for både brukarar, medarbeidarar og arbeidsgjevar. Tenesteområdeleiar er ansvarleg for utarbeiding av årsplan. Tillitsvalde skal involverast tidlegast mogleg.

Overordna rammer for årsplan:

1. Periode for gjennomsnittsberekning av alminneleg arbeidstid er 52 veker, arbeidstida skal ordnast slik at den alminnelege arbeidstida i denne perioden ikkje vert lenger enn føreskrive i AML §10-4, jf. AML § 10-5 2. ledd.
2. Periode for gjennomsnittsberekning av høgtidsperiode er 26 veke, jf. AML §10-8, 4.ledd, 3.pkt.
Medarbeidarar kan maksimalt påleggjast arbeid på inntil halvparten av bevegelege høgtidsdagar, men kan etter eige ønskje arbeide fleire dagar. I utgangspunktet kan ein ikkje påleggast å arbeida meir enn 4 slike dagar frå måndag til fredag. Fordeling av beveglege høgtidsdagar må sjåast på i samanheng med stillingsprosent.
3. Årsplan:
 - Årsplan skal utarbeidast i samarbeid med tillitsvalde
 - Tillitsvalde skal ha tilgang til å lesa og kontrollera plan i MinVakt
 - Årsplan med fastsett ferie og arbeid /fri på høgtidsdagar er komplett grunnturnus.
Unntak: All arbeidstid er ikkje fastsett for stillingar med timebank (Jf. Protokoll for timebank dersom det er aktuelt).
 - Arbeidstid for den einskilde medarbeidar skal i hovudsak vera jamn gjennom året.
Unntak: Stillingar med timebank /flytvaker eller etter eige ønskje.
 - Ved kjende løna permisjonar i ny årsplan, er det ikkje krav om turnus. Tillegga vert rekna ut frå siste års turnus.
 - Ferdig utarbeidd årsplan skal på høyring hjå medarbeidar og TV før godkjenning.

- Godkjent årsplan skal gjerast kjent for medarbeidar seinast 2 veker før den startar.
- 4. Den alminnelege arbeidstida er 7/ 7,25/ 7,5/ 7,75 t (jf. Pkt. 8)
Arbeidstid kan maksimalt setjast til 12,5 timer i løpet av 24 timer (jf. AML § 10-5, 2.ledd) og 54 timer i ei enkelt veke. Snitt skal likevel ikkje overstige 48 timer på 8 veker. Avvik frå ovannemnde må det søkjast godkjenning for (t.d. bruk av lengre vakter).
I samband med sjukepleiarmøte / gruppemøte kvar 2. torsdag vert A1 = 8 t.
- 5. Dagleg arbeidsfri vert sett til minimum 9 timer i løpet av 24 timer.
- 6. Ved arbeidshelg skal F1 dag leggjast på siste fridag før helg. (*Unntak for stillingar under 50%*).
- 7. Døgnkilje vert sett til kl. 22.00 og vekeskilje til søndag kl. 22:00.
- 8. Medarbeidar i turnus får betalt pause på alle vakter.
- 9. Helgearbeid:
 - Arbeidshelger i årsplan er etter avtale i tilsetjing 16/18/24 arbeidshelger per år.
Medarbeidar kan etter eige ønskjer gjere avtale om fleire arbeidshelger, maksimalt 24 helger. (jf. Protokoll om ekstra helger m/kompensasjon.)
 - Ved arbeid over 16 helger per år, kan ein plassere 3 helger på rad i årsplan, dersom medarbeidar ønskjer det, jf. AML § 10-8 4.ledd.
- 10. F3 dagar i årsplan (helgedagsfri):
 - Det ska kome klart fram kva vakter som vil utløyse F3 i årsplan. Medarbeidar får F3 dagar ut frå stillingsstorleik, uavhengig av type arbeidstidsordning. Vakta F3 er definert til 7,5 timer.
 - Partane har kartlagt gamle rullerande turnusar og innhenta informasjon frå andre kommunar.Tal på betalte F3 dagar er sett til:

81 -100%: 3 F3 dagar	31 – 50%: 1 F3 dag
51 – 80%: 2 F3 dagar	0 – 30%: 0 F3 dag.
- 11. Timar til opptening av fri:
Generelt kan medarbeidrarar maksimalt opparbeide seg 45 timer i pluss og 10 timer i minus i timebank. (ekstravakter, erstatningsfri for arbeid på høgtid og overtidstimar).
Unntak: Minustid for medarbeidrar med timebank kan vera større)
Avspasering etter avtale med leiar. Utgangspunkt er utanom helg, ferie og høgtid.
- 12. Partane vil ha gjennomgang av årsplan som er i drift kvart halvår. Det kan då avtalast endringar som er naudsynt for fagleg forsvarleg drift for resten av årsplanperioden.
Hovudregelen er likevel at frihelger, planlagt langfri (jf skjema årsplan) eller ferieperiodar ikkje kan endrast utan semje med en einskilde arbeidstakar. Eventuelle endringar som vert gjort i årsplan skal kunngjerast minst 2 veker før endring vert sett i verk.

Overordna rammer godkjent: 3/11-18

Sigríð-Anne Spjeld

Norsk sykepleierforbund

Agesti Vidal Nesse

Fagforbundet

Meland kommune

Raude Botwath Meland